

Referat frå møte i kunstkomiteen for (nye) Voss gymnas

1.desember kl. 11.15 – 14.00

Stad: Voss gymnas

Til stades: *Petra Rahm (kunstfagleg prosjektleiar), Rakel Marøy (Voss husflidsskule), Per Højgaard Nielsen(arkitekt), Tone Stedal Haugland(HFK Kultur- og idrettsavd, og referent) og Gunnar Hemre Ringheim(HFK Eigedomsseksjonen). Merete Hauge(HFK Eigedomsseksjonen) og Sara Rykke Mandelid (elevrepr.)måtte melde forfall til møtet*

Unn Fauskanger deltok som observatør på siste del av møtet.

1. Godkjenning av innkalling og referat - ingen merknader

2. Oppdatering ang konkurranse «Gladiatorgangen»

Dei to kunstnarane jobbar med utkasta, med frist for levering 6.januar.

Teikningar ol vert lagt i Dropbox. Dette vert ikkje gjort tilgjengeleg for heile komiteen, men vert arkivert i etterkant.

3. Oppdatering Britt Smelvær.

(Frå førre møte: *Ang belysning: Petra ber Britt om å kome med eit utkast til kva ho treng av belysning. Dette vert sendt til Per som tek dette vidare.*)

Belysninga ligg i himlinga, og vert ført ned(usynleg) til kunstverka. Lyset styrast frå bryter el inn hos vaktmeisteren, evt. kontorpersonalet. Når det gjeld kunsten som vender ned mot idrettsplassen vert det jobba med å finne eigna armatur.

Elles har det kome spørsmål frå Britt om det er ok for komiteen at dei delane av prosjektet med furutre vert noko mindre enn i utkastet. Ho ønskjer å starte desse nokon cm lengre opp på veggen. Komiteen har ikkje innvendingar mot dette.

4. Kunstprosjekt utandørs: Gymsalveggen.

Det er i kunstplanen tenkt evt direkteoppdrag på denne veggen Merete og Tone har hatt møte med Gunnbjørg Austrheim hos Fylkeskonservatoren. Det er ikkje formell fredning av bygget, men ligg tett oppunder dette i verneverdi. Ein bør passe på at det går godt saman med bygget og er enkelt å handtere – evt demontere el. Austrheim kan sjå på komiteen sine forslag til kunst på denne veggen og kommentere desse opp mot vernehensyn.

Elles vart det ein del diskutert kring vedlikehald. Denne nordveggen, med små takutslipper, er særleg utsett for ver og vind. Vedlikehaldsproblematikken gjeld mange av kunstprosjekta, og HFK bør sjå på - meir generelt – korleis ein kan løyse dette, t.d. gjennom eit vedlikehaldsfond el.

Evt planar for skilting (på denne veggen) er ikkje avgjort (Gunnar)

Idemyldring / innspel:

Nokre av kunstnarane som hadde meldt si interesse i prekvalifiseringa til kantina / skuletorget vart teke fram igjen i denne samanheng, andre var nye namn:

Kari Hjertholm

Hanne Trymi

Løvaas og Wagle

Vanessa Van verkens

Johanne Hestvold
Marianne Berg
Hilde Hauan Johnsen
Eva Kuhn
Edith Lundebrekke
Magnhild Øen Nordahl

Dei namna som gjekk igjen i komiteen si vurdering av desse kunstnarskapa var Hauan, Berg, Dyrdal og Hjertholm. Ut i frå denne idemyldinga og innspela vil Petra legge fram/presentere nokon utvalde kunstnarar i neste møte.

5. **Trine Hovden, sideprosjekt?** Komiteen vedtok einstemmig å flytte dei midlane som var sett av til dette / til prosjekt på Skuletorget (180 000 kroner) over til arbeidet med Samlinga.

- 6. Samlinga – arbeidsgruppe Fremdriftsplan.**

Ein ide her er å bygge opp /bygge om samlinga kring lokale kunstnarar. Ein vil sjå dei to skuledelane som ein heilskap når det gjeld samlinga. Arbeidsgruppa for dette arbeidet vidare vert Rakel og Petra, med Merete som støttespelar.

Arbeidsgruppa organiserer seg sjølv, og rapporterer til kunstkomiteen.

- 7. Neste møte**

gjeld juryering av dei innkomne framlegga til Gladiatorgangen og vurdering av kandidatar til Gymsalveggen. Petra sender ut framlegg til potensielle kunstnarar til Gymsalveggen på e-post i forkant av møtet.

Møtet vert på Fylkeshuset i Bergen.